

## Årsmøteprotokoll Varden Velforening fredag 15.april 2022

Nils Midjo ynskte velkommen. Styret presenterte seg og deretter presenterte alle dei frammøtte seg og sa kva dei heitte og kvar dei hadde hytte. Det var om lag like mange frammøtte frå Varden 1 og Varden 2 samt nokon utanfor feltet. Det vart servert kringle.

1. Forslag til møteleiar (Nils Midjo), referent (Kari Kaardal), og signering av årsmøteprotokollen (Frode Myklebust og Kenneth Helgesen) vart godkjend.
2. Innkalling vart godkjend.
3. Styret si årsmelding for 2021 vart lagt fram og godkjend.
4. Rekenskap for 2021 og revisormelding vart lagt fram og godkjend.
5. Budsjett for 2022 vart lagt fram og godkjend.
6. For å møte auka utgifter samt auka eigenkapital, vart det føreslege ein auke av kontingent for 2023 på om lag 20%. Dette vart røysta over og godkjend.
7. Det var tre innmelde saker til møtet.
  1. Forslag om endra kontingent for hytteeigarar utanfor feltet som kun nyttar parkeringsplassen. Styret gjekk inn for å avvise forslaget. Års-møte avviste forslaget.
  2. Det vart orientert om påskeskirenn 2022 og frivillige melde seg.
  3. Ladegruppa ved Per Lasse Johannessen orienterte om gruppa sitt arbeid så langt. Etter noko meiningsutveksling om behovet, tekniske løysingar og kostnadene støtta årsmøte at arbeidet i ladegruppa held fram.
8. Valkomiteen si innstilling var attval av Nils Midjo som leiar, Kari Kaardal som styremedlem og Oddbjørn Malmo som varamedlem. Valkomiteen innstilte Oddvar Fimreite som ny revisor. I valkomiteen tok Per Vold, Olav Arne Himle og Ingeborg Eri attval. Alle vart valde med akklamasjon.

Filefjell, 19 april 2022, Kari Kaardal

Frode Myklebust

Kenneth Helgesen